

## - Slitsamt å vere anarkist



**No gjev Per Heimly opp kampen mot den etablerte kunsten - og stiller ut sine egne bilete for første gong.**

STIAN GRYTTE MALIN OLIVIA DAHLBERG  
stian.grytten@nrk.no malin.olivia.dahlberg@nrk.no

Publisert 16.04.2010 19:05.

Fotografen Per Heimly vart for alvor kjent då han i 1993 saman med venene Ari Behn og Jono El Grande høgtlytt proklamerte at dei var «Den nye vinen». Trass i at Per Heimly er godt etablert som fotograf Noreg, er han aldri tidlegare våga å stille ut bileta sine på denne måten.

I morgon opnar den første separat-fotoutstilling «Between Demons and Angels» på Hole Artcenter. Utstillinga viser 20 personlege fotografi frå dei siste 20 åra.



Fotograf Per Heimly ved eit av bileta i separatstillinga.

Foto: Ole Fredrik Haug/NRK

### Lei av å vere anarkist

- Eg har egentleg aldri stilt ut før, eg har berre vore stor i kjeften. Og i evig kamp mot den etablerte kunsten, seier Per Heimly.

Men denne utstillinga såg Heimly som ei fin moglegheit, og som eit startskot til å kunne jobbe med kunst.

- Det er veldig slitsamt å vere anarkist heime tida.

**LES ÒG: Sienna og Per Heimly på fotoshoot**

**LES ÒG: Den sjokkerende Per Heimly**

### Ope for tolking

I 20 år har han vegra seg for å stille ut, fordi han har vore redd for å late bileta leve sitt eige liv. Gjennom utstillinga opnar ein for tolking, og ein kan ikkje lenger styre korleis folk forstår dei.



Eit sjølvportrett og eit portrett av Maria Bonnevie heng side om side på utstillinga.

Foto: Ole Fredrik Haug/NRK

**- Ein kunstnar som stiller ut avslører seg fullstendig, det er litt skummelt. Ein avslører kjærleiken sin eller mangelen på kjærleik, eller forståinga av livet.**

- Utstillinga er eit djupdykk i sjela mi, korleis det er å vere meg.

### Lagar tv-program med Ari Behn

Og vi kan vente oss meir frå Per Heimly i tida som kjem. Saman med kameraten Ari Behn skal han lage eit tv-program for NRK, der dei skal lage portrett av menneske og miljø. Men akkurat kva det vert kan han ikkje seie så mykje om enno:

**- Vi har ikkje starta enno. Men Ari skal vere forteljar, og eg eit slags sidekick. Vi skal gje alt av oss sjølv.**

Opphavsrett NRK © 2010

Nettsjef: Sindre Østgård

Ansvarlig redaktør: Hans-Tore Bjerkaas